



Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2023/2024

15. november 2023

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Prognosar er grunnlag for tiltak mot periodiske overskott. Prognosar blir oppdatert som grunnlag for råd til Landbruksdirektoratet om supplering av importerte kornråvarer i august, november og mai.

Tilgangsprognose for norsk korn

Felleskjøpet Agri marknadsregulator sin prognose pr. november for tilgang av norsk korn er basert på analyse av historisk tilgang mot leveransar så langt i inneverande sesong. Vi gir følgjande prognose om forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret 2023/2024:


Tilgang av norsk korn til industrien (tonn)

	Gjennomsnitt 2018-22	Tilgang 2022	Prognose 2023	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	195 300	274 200	51 000	26 %	19 %
Fôrkveite	104 800	110 600	121 000	115 %	109 %
Kveite i alt	300 100	384 800	172 000	57 %	45 %
Matrug	12 800	24 300	4 000	31 %	16 %
Fôrrug/rugkveite	25 200	35 100	25 000	99 %	71 %
Rug/rugkveite i alt	38 000	59 400	29 000	76 %	49 %
Bygg	552 800	620 400	405 000	73 %	65 %
Havre	244 800	307 300	179 000	73 %	58 %
Korn totalt	1 135 700	1 372 000	785 000	69 %	57 %
Erter	4 700	9 400	7 000	149 %	74 %
Oljefrø, åkerbønner	14 900	23 700	11 000	74 %	46 %
Korn, erter, oljefrø	1 155 300	1 405 100	803 000	70 %	57 %
Matandel kveite	65 %	71 %	30 %		
Matandel rug/rugkveite	34 %	41 %	14 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar til saman er 134 000 tonn lågare enn prognosert i september.


Normalt svingar kvantumet som ikkje blir omsett i samband med haustinga med totalavlinga, medan andelen dette utgjer, er relativt stabil, som vist under:



Låge avlingar og svak kvalitet tilseier at ein del bønder truleg har lagt ein mindre andel av kornet på eigne lager enn vanleg. Det er lagt til grunn at andelen korn som ikkje er omsett frå kornprodusent pr 1. november totalt er redusert med 15 % i forhold til det som er normalt. Dette er eit estimat som gjer prognosen meir usikker enn i meir normale år.

Kvaliteten på den norske matkveiten

Med bakgrunn i rapport frå Landbruksdirektoratet av 02.11.2023 er proteininnhaldet pr klasse rekna ut (jamfør også tabell lenger nede i dokumentet):



Nofima AS undersøker viktige kvalitetsegenskapar på matkveiten i kvar sesong basert på sortsmateriale frå forsøksfelt og i ein del år også på stikkprøver av innkjøpt matkveite. Resultata er

presentert i rapport som følgjer prognosen som særskilt vedlegg. Matmjølmøllene utfører tilsvarande analysar på innkjøpt vare og i tillegg baketestar. I samandraget i rapporten skriv Nofima AS følgjande:

«Kvalitetsprognosen for årets sesong er langt mer usikker enn forrige sesong fordi prognosen er basert på resultater fra færre antall prøver. Til tross for en sesong med annerledes og utfordrende værforhold viste analysene at gluten- og bakekvaliteten i norsk mathvete i 2023 har tilfredsstillende kvalitet som i stor grad var samsvarende med kvalitetsprognosen for 2022. Imidlertid viste resultatene variasjoner i deigegenskaper (vannopptak, deigstabilitet, og viskoelastiske egenskaper) som industrien bør være bevisste på gjennom kommende sesong.»

Fordeling av tilgangen

Basert på data frå Landbruksdirektoratet for fordelinga av avrekna korn pr. 03.11.2023 og korrigert for erfart endring gjennom sesongen, får vi følgjande prognose for klassefordeling og proteininnhald:

Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Overlagra frå 2022/23	Erstatta av import august 2023	Tilgang matkveite i alt	Tilgang etter regulering	Klassefordeling	Protein-%
Klasse 1	5 000	7 900	-	12 900	12 900	43 %	15,3 %
Klasse 2	4 000	15 000	1 000	20 000	20 000		14,8 %
Klasse 3	6 000		1 000	7 000	7 000	9 %	14,5 %
Klasse 4	35 000		1 000	36 000	36 000	47 %	12,9 %
I alt	50 000	22 900	3 000	75 900	75 900	100 %	13,5 %

Det er svært låg tilgang av vårkveite, også inkludert overlagra klasse 1 og 2. Prognosen føreset at tilgangen av norsk matkveite vil bli brukt i sesongen. Ekstra tildeling av importkvotar i august for kvoteåret 2022/2023 gir eit kvantum ubrukt norsk kveite som er tilgjengeleg i den nye sesongen.

Det er lagt til grunn at ein del overlagra havre kan nyttast til humankonsum og at det er mogleg å sortere ut ein del gryn havre av ny avling. Tabellen under gir oversikt over den prognoserte bruken av tilgjengeleg norsk korn til ulike formål:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkorn			Fôrkorn					Fôrkorn i alt
	Kveite	Rug	Havre	Kveite	Rug/-kveite	Bygg	Havre	Erter	
Frå sesongen før	26 000	5 400	11 000	0	0	14 000	1 000		15 000
Prognosert ny tilgang	51 000	4 000	0	121 000	25 000	405 000	179 000	7 000	737 000
Mat/fôr i ny tilgang	-1 000	0	4 000	1 000		-300	-4 000		-3 300
Tilgang sesong	76 000	9 400	15 000	122 000	25 000	418 700	176 000	7 000	749 000

Forbruksprognose

Foredling av matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn til matmjøl nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med september 2023. Forbruket av havre er justert opp med tonn på grunn av redusert utbytte. Tabellen under viser utviklinga i forbruk av matkorn og prognose:

Matkornforedling pr sesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
2021/2022	273 962	17 416	2 670	37 826	331 874
2022/2023	264 367	15 614	2 623	35 813	318 417
Prognose 23/24	264 000	14 000	2 300	38 000	318 000
Endring	-0,1 %	-9,3 %	-12,1 %	5,8 %	-4,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i år. Vidare er produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt vurdert opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 164	469 909	501 957	13 742	2 031 772
4K21 - 3K22	1 009 139	465 445	508 680	13 560	1 996 824
4K22 - 3K23	960 402	466 272	516 578	13 400	1 956 652
Prognose 23-24	956 000	458 000	523 000	12 000	1 949 000
Endring	-0,5 %	-1,8 %	1,2 %	-10,4 %	-0,4 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Import av matkorn og av karbohydratråvarer til kraftfôr blir fordelt av Landbruksdirektoratet gjennom auksjonar i august, november og mai. I august kan fordelast 25 – 55 % av prognosert import, pr. november kan det vere gitt 50 – 80 % av oppdatert prognosert importbehov. Resten blir tildelt i mai etter oppdatert prognose. Tilråding om importkvotar legg opp til at 80 % av sesongkvoten er lagd ut for auksjon pr. november.

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er suppleringsbehovet for dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Suppleringsbehov

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	264 000	14 000	2 300	38 000	318 000
Norsk matkorn	-76 000	-9 000	-300	-15 000	-100 000
Suppleringsbehov matkorn	188 000	5 000	2 000	23 000	218 000

Det er nesten uråd å finne bygg som tilfredsstillir krava til matgryn. Av totalt forbruk i Norge vil andelen norsk kveite i sesongen med dette bli 29 %. For matkorn samla blir andelen 31 %.

Behov for kvote for import av matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll skal det takast omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar og kvantumet er sett likt sist kjende kalenderår. Dette tilseier følgjande kvote for auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2023 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	218 000
- Import under bilaterale kvoter for durumkveite	-3 000
Suppleringsimport inklusive MUL-import	215 000
Importbehov inklusive MUL-import	80 % 172 000
- Tildelt importkvote i august	-50 000
- Tildelt importkvote i september	-58 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	64 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Import av karbohydratråvare skal dekke opp underskott av norsk fôrkorn. Suppleringsimport skjer ved bruk av bilateralt avtalte tollfrie kvoter, først og fremst med EU, ved tollfri import frå MUL-land og ved auksjonerte kvoter for suppleringsimport med ein tollsats som kostnadmessig likestillir norsk og importert vare.

Minimums import av karbohydratråvarer

Med dagens husdyrproduksjon trengs det alltid tilførsel av enkelte råvarer som berre er tilgjengelege i form av import¹. I år med stor produksjon av norske råvarer kan det difor bli krevjande å finne avsetnad for heile den norske tilgangen av fôrkorn. Felleskjøpet Agri marknadsregulator har difor vurdert behovet for minimumstilgang av importerte karbohydratråvarer:

¹ Norske Felleskjøp, rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

Minimumsbehov for import av karbohydrat (tonn)	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	323 000	417 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import	13 700	13 700
Minimumsimport i sesongen	401 700	495 700

Føresetnadane over gir følgjande rom for leveransar av norsk fôrkorn til industrien:

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 383 000	1 383 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-395 000	-489 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli	988 000	894 000

Vi viser til tabell i vedleggsdelen for utrekninga av minstekvotene for auksjon.

Den føresette bruken av norsk korn følgjer av ei vurdering av kravet til minimumsimport og den faktiske tilgangen som er vist tabellen «Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn» ovanfor i dokumentet.

Totalt behov for supplering av importerte karbohydratråvarer

I prognosen er lagt til grunn 74,0 % karbohydrat i kraftfôret i sesongen 2023/2024 basert på oppdatert statistikk pr. 3. kvartal i år og normal utvikling frå eit kvartal til neste. I tillegg er andelen justert forsiktig opp for å ta høgde for høgt proteininnhald i kornet.

Behovet for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri avheng av den samla produksjonen av kraftfôr og andelen karbohydratråvarer i kraftfôret:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftfôrsal	1 949 000	
Andel karbohydratråvare	74,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 442 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		59 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 383 000
Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)		1 386 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	988 000	
Prognosert tilgang av norsk korn til fôr i sesongen	749 000	
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)		-742 000
Importbehov for karbohydratråvare		644 000

*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i kraftfôret på 41 % i sesongen.

Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

For ein del av råvarene til kraftfôr er det fri tilgang til lisensiert tollfri import frå MUL-land. Dette kvantumet blir trekt frå totalt importbehov før utrekning av kvoter for tildeling på auksjon. For

perioden 01.08.2023 – 07.11.2023 er det importert 6 200 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land. Det er gitt lisensar for import av 7 500 tonn i perioden 08.11.2023 – 24.04.2024.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt kvote til Norge på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år. Desse kvotane er føresetta utnytta.

Behov for kvote for import av karbohydratråvarer med administrert toll

Felleskjøpet Agri marknadsregulator prognoserer følgjande suppleringsbehov i form av importkvote for karbohydratråvarer ved auksjonen i november.

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2023 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	644 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- GSP-import melasse	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar	0
Suppleringsimport inklusive MUL-import	579 000
Importbehov inklusive MUL-import	80 % 463 000
- Tildelt importkvote i august	-142 000
- MUL; import august-november og lisensar november-april	-14 000
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	307 000

Behovet for importkvote for oljefrø til kraftfôr

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventa import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Forbruket av oljefrø er aukande og er justert opp i forhold til estimatet i augustprognosen. Vi har estimert andelen av åkerbønner av den prognoserte tilgangen av oljefrø, åkerbønner og lupinar til 70 %. Dette gir følgjande balanse for oljefrø:

Importbehov oljefrø 2023/2024 (tonn)	
Forbruk til kraftfôr	14 000
- Tilgang norsk oljefrø	-3 000
+ Forbruk til matolje	1 000
Importbehov oljefrø	12 000

Dette gir følgjande importbehov ved auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport oljefrø, november 2023 (tonn)	
Importbehov oljefrø	12 000
- Tildelt importkvote i august	-3 000
Korrigert importbehov	9 000
- Forventa MUL-import utviklingsland	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	9 000

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
2021/22	186 473	63 170	249 643	16 343	22 045	38 389
2022/23	274 230	110 570	384 763	24 303	35 137	59 440
10. juli	153 000	69 000	222 000	12 000	17 000	29 000
16. august	126 000	126 000	253 000	13 000	23 000	36 000
18. september	64 000	149 000	212 000	5 000	27 000	31 000
Prognose	51 000	121 000	172 000	4 000	25 000	29 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
2021/22	581 344	254 959	1 124 335	3 271	12 564	20 060
2022/23	620 414	307 341	1 371 958	9 435	23 730	32 961
10. juli	528 000	220 000	999 000	9 000	9 000	-
16. august	539 000	236 000	1 064 000	8 000	20 000	-
18. september	446 000	220 000	909 000	10 000	18 000	-
Prognose	405 000	179 000	785 000	7 000	11 000	13 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Registrert som rug i statistikk og arealprognose. Første kvantumsprognose i november.

Minste behov for import basert på NFK-rapport av 01.12.2017

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		1 949 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	74 000	89 000
Behov for mais	50 000	70 000	49 000	69 000
Behov for melasse	60 000	60 000	59 000	59 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	198 000	247 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	49 000	69 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	444 000	548 000
Norsk kveite til fôr inneverande sesong			0	0
Norsk kli inneverande sesong			-49 000	-59 000
Suppleringsimport karbohydratråvare			395 000	489 000
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-65 000	-65 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	0
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-13 700	-13 700
Korreksjon for svinn			7 000	7 000
Minimumskvoter til auksjon			323 000	417 000

Kornareal og dekaravling

Førebelse arealtal frå søknadar om produksjonstillegg pr oktober i år tilseier at kornarealet har auka i 2023:

	Arealfordeling 2018 - 2023 (dekar)						Endring frå 2022 (dekar)
	2018	2019	2020	2021	2022	2023*	
Haustrkveite	99 275	426 143	191 191	182 571	326 596	259 000	-68 000
Vårkveite	485 939	375 570	484 611	453 024	426 011	385 000	-41 000
Kveite	585 214	801 713	675 802	635 595	752 607	644 000	-109 000
Rug, rugkveite	33 166	92 842	65 200	83 071	106 492	88 000	-18 000
Bygg	1 471 834	1 298 685	1 390 682	1 427 179	1 312 696	1 420 000	107 000
Havre	694 421	547 400	665 175	684 574	631 084	685 000	54 000
Korn	2 784 635	2 740 640	2 796 859	2 830 419	2 802 879	2 837 000	34 000
Oljefrø, åkerbønner	54 723	49 605	55 904	49 312	75 877	65 000	-11 000
Korn/oljevekstar	2 839 358	2 790 245	2 852 763	2 879 731	2 878 756	2 902 000	23 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Dette gir følgjande dekaravlingar (kg pr dekar):

Kornslag	2018	2019	2020	2021	2022	2023*	I forhold til 2022
Kveite	236	589	478	417	534	299	56 %
Rug/rugkveite	238	554	528	470	565	327	58 %
Bygg	300	460	456	429	498	310	62 %
Havre	226	444	471	393	513	287	56 %
Totalt korn	267	497	466	419	514	303	59 %
Oljefrø, åkerbønner	133	317	272	180	313	163	52 %

Rapport frå Nofima om årets kvalitet i matkveite følgjer som særskilt vedlegg.